

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.11.2017

Til stades: Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen,, Kenneth Vikane, Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken, Marta Samland, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia Gulbrandsen

**Sak 2017/81: Innkalling og dagsorden; godkjent.**

**Sak 2017/82: Godkjenning av referat frå styremøte 09.10.17; godkjent.**

**Sak 2017/83: Oppsummering av prosess med bruk av plassen ved kulturhuset til tømmertransport;**

Proessen har vært krevjande, spesielt med svært korte fristar. Det kom 4 grunneigarar i tillegg til Tuvin som ville ta ut tømmer via skuleplassen. Elles er oppryddinga i gang, men forsinka. Dreneringsrøyr er mogleg sprokke, og må i tilfelle skiftast, det er mykje vatn som kjem ned til plassen. Bygdelaget takkar alle brukare av kulturhuset for varsemnd og velvilje gjennom anleggsperioden.

**Sak 2017/84: Evaluering av jubileumsfesten 28. oktober;**

Gode tilbakemeldingar på festen, men det var ganske krevjande for ein komite som var for liten og med få andre frivillige. Bygdelaget takkar alle som tok eit tak i høve feiringa, alle som bidrog med gåver og alle som kom og feira 20 år med godt arbeid for bygda!

**Sak 2017/85: Ny butikk – status og investering;**

Proessen med Bjørsvik går vidare, gruppa som driver denne er Christian Tolås, Aud Berit Garnes, Gunnar Dalseth og Reidun H. Dalseth. Det har vore to møter. Bjørsvik ynskjer å stifte to A/S – eit for butikk og eit for drivstoff. Bjørsvik vil sitje på 51% av aksjekapitalen. Han meiner det må skaffast mellom 200.000 og 600. 000,- i aksjekapital i bygda. Han vil i utgangspunktet ha aksjepostar på minimum kr 25.00,-, men dette meiner styret kanskje er høgt i forhold til å få mange i bygda med. Styret i bygdelaget vedtok følgjande forslag: *Bygdelaget investerer minimum kr 50.000 i ny butikk i nyforma aksjeselskap, og ynskjer å ha ein plass i styret. Aksjeselskapet vil sjølv rekruttere privatpersonar og firma til å investere beløp med ei viss minimumsgrense, men i tillegg ynskjer bygdelaget å invitere til å gje mindre summar gjennom laget, som vil auke vår investering tilsvarande. Imidlertid vil dei som gir slike innbetalte summar ikkje kunne få dei tilbake frå bygdelaget*

**Sak 2017/86: Førebuing av bygdelagsbasar 29. desember;**

Styret fordelte arbeidsoppgåver rundt innsamling gevinstar, loddsal, div.

**Sak 2017/87: Utdeling av blomhelsing til nytilflyttarar;**

Styret satt opp liste over nyinnflyttarar. Dei får blom og abonnement på Herand Bygdeblad 2018. Gunnar tek runden med gåve til 3 nytilflytta.

**Sak 2017/88: Organisering av tenning av julegran;**

Vi tenner gran i båthavna helga 2. – 3. desember. Det blir ikkje noko arrangement grunna mykje aktivitet i bygda og kommunen denne helga.

**Sak 2017/89: Ymse;**

- Nilsaflaten; Jondal Kommune er ikkje villig til å bidra til utbyggjing av parkeringsplasser.
- Gunnar og Kaia deltar på siste kurskveld i kursrekka «FRAMOVER» 15.11, tema er styrearbeid

**Neste møte måndag 11.12.17 kl 19.00.**